

har prosentvis så store myrarealer som de to Trøndelagsfylkene. De samlede myrvidder i Sør- og Nord-Trøndelag kan anslåes til ca. 7 millioner dekar.

I hele landet er det dyrket opp om lag 1,2 millioner dekar myr og i tillegg kommer 100.000 dekar som er dyrket opp til eng eller kulturbeiter. Den årlige avkastning kan settes til ca. 300 mill. forenheter eller ca. 105 mill. kroner.

Ca. 1 million dekar myr er grøftet med tanke på skogkultur og vil gi en tilvekst til en verdi av 6 millioner kroner pr. år.

Brenntorv- og torvstrøproduksjonen representerer årlig antakelig om lag henholdsvis 16 millioner og 3 millioner kroners verdi.

Jordbrukets utviklingsmuligheter her i landet er store, og setter vi at myr dyrkinga økes til 50.000 dekar pr. år, har vi likevel vidder nok å ta av de første hundre år framover.

Verdien av de kjemisk-tekniske produkter som myra kan gi råstoff til er meget stor. Her er det et overmåte rikt felt for torvforsking.

Det interessante foredrag ble lønnet med sterkt bifall av en sakkyndig og interessert forsamling.

I den etterfølgende diskusjon eller «spørretime» var det ca. 20 innlegg av de fremmøtte fagfolk, delvis i form av spørsmål til foredragsholderen og delvis som supplerende innlegg til foredraget.

Møtet som ble holdt i Frimurerlosjens spisesal, var meget godt besøkt.

---

## FORSØK PÅ MYR I NAMDAL.

*Av myrkonsulent Aksel Hovd.*

Nord-Trøndelag landbruksselskap ved daværende landbrukssekretær Alb. Eggen reiste i 1930-åra spørsmålet om forsøksfelter på myr i Namdal og vendte seg til Det norske myrselskaps forsøksstasjon om å få lagt slike forsøks- og demonstrasjonsfelter.

Tiltak med nydyrking og bureising — i kvartfall delvis på myr — var i denne, ein kan nesten seia typiske landnåmstida også igang i Namdal. Nordlandsbana åt seg lenger og lenger nordover gjennom udyrka vidder i Namsskogan mot Kleist Gedde's «Store Rudmadal» — og heimar (bureisingsbruk) vart bygd ved jarnvegen nordover. Mang ein anleggskar tok til å tenkje på hus, heim og jord, og frå tanke til handling var det ikkje langt i dei dagane.

Men mange av desse bruka hadde for ein stor del myr som dyrkingsjord — ja til og med berre nokså simpel myr, der det ikkje var så greit å få det til å veksa — og dyrking til å lukkast.

Myrselskapets forsøksgård tok straks opp arbeidet og etter syn-

faring vart det utlagt myr til forsøka hos Ole Gulliksen på Løvmø i Øvre Namsskogan. I 1932—33 vart det lagt både dyrkings- og gjødslingsforsøk her.

Frå forsøka skal vi her gi eit kort resymé:\*)

1. Grøftforsøk på grasmyr i Kolvereid viser at 12—15 m teig, og 1,0—1,15 m djupn har vori god grøfting. Men dette er ikkje i samsvar med vanleg praksis, og heller ikkje med utfall av forsøk på grasmyr på Måmyra i Å (Fosen), der vanleg teigbredde — 6 til 8—9 m — og djupn 1,0 m er beste grøftinga. Det må vera sterk grøfting i kystbygdene der myra ofte er tett (fortorva) og nedburden rikeleg. Å gjørte myr med 12—15 m teig i Ytre Namdal ville vera hasard.

I indre bygder kan ein nok grøfte veikare — 10—11 m teig på vanleg grasmyr og 14—15 m på lettare myr (mosemyr) og med vanleg djupn 1,0—1,1 m.

2. Dyrkingsforsøk har vist at enkel overflatedyrking kan gi bra resultat, også utan arbeidssam flåhakking. Men gode engvekster som timotei held seg ikkje så vel ved simpel dyrking. Full oppdyrking gir beste og varigaste enga. Nydyrka myr må ein helst pløye om etter t. d. 4 år, serleg noko simpel myr må ein venda om — kalke, gjødsle og stelle med på bae sider. Sand/leirkøyning vil nok auke avlinga på lettare myr, men tilhøva skal vera sers gunstige om dette arbeidssame kulturmiddel skal svare seg i tider som no.

3. Kalking og allsidig gjødsling må til. Men på myr med botn av skjelsand i kyststrøka kan ein sløyfe kalkinga. På kalkfattig myr får ein ikkje så bra utslag for fosforgjødsling utan kalking. Det er som kjend positiv samverknad millom kalk og fosfor. Ei bra årleg gjødsling på myr (eng) er 20 kg superfosfat, 30 kg kaliumgjødsel og 20 kg kalksalpeter pr. dekar (altså fylgjesvis 2/7, 3/7 og 2/7). Men på god myr og bra jamn eng er ofte 120 til 140 kg pr. dekar av slik blanding ei sikker og lønsam gjødsling.

4. Tilføring av mikro- eller sporeme skal ein vera merksam på serleg i kystbygdene. Det gjeld koppar, bor (til gulrot) samt jarn og magnesium, og dessutan mangan på sterkt kalka, og molybden på sers kalkfattig myr. Visse vanskar med dyrking av myr også i Ytre Namdal kan nok koma av mangel på mikro- eller sporeme.

5. Engdyrking er vel sikraste kulturen på myr i Namdal — som elles i landet, og kva engvekster ein skal dyrke skil seg vel noko etter myrtype-lægje og kulturstoda. På grasmyr i god kultur er det timotei som må vera rådande. På lettare myr med høve til rimeleg sandkøyning, bør raudkløver vera med, ca. 30 pst. av blandinga. Det same gjeld for myr som er tilført sporeme (koppar) serleg i kyststrøka. Men på simpel myr i dårleg kultur og under vanskelege dyrkingsvilkår

---

\*) Melding om «Forsøk på myr i Namdal» er trykt i Nord-Trøndelag landbrukselskap's årsmelding 1953. Meldingen er dessuten utgitt som «serprent» av landbrukselskapets årsmelding.

kan og bør halve mengda (1,0—1,5 kg) av timotei skiftast ut med norsk kvein, så sant det er frø å få tak i. Seinrapp (10—15 pst.) kan nok hevda romet sitt i blandinga, men det finst ikkje frø i handelen. Engrevehale er også hardfør og varig, men er gjerne fangd av rust og gir da simpelt høyt.

Da landbrukssjef Eggen reiste spørsmålet om myrforsøk i Namdal (Namsskogan), skreiv han at bureisingsbruka ved Nordlandsbana for ein stor del har myr — og tildels simpel myr — som dyrkingsjord. Bureisarane har liten innsikt og kunnskap i dyrking av slik einsidig jord, og han fann det difor naudsynt og naturleg at Det norske myrselskaps forsøksgård la demonstrasjonsfelter på laglege plassar — til framsyning av dyrkingsresultatet ved ymse kultivering, jordbetring og gjødsling, i det heile utfallet av ein rett og god — og ein mindre god eller feilaktig jordkultur.

Gjennom åra har vi fått mangt eit prov på kva interesse og kunnskaper sjølsynet på slike felter kan gi.

---

### Rettelse :

I «Melding for 1954 fra Myrselskapets torvtekniske utvalg», er det på side 72 i Meddelelser fra D. n. m., og på side 5 i særtrykket av ovennevnte melding, en trykkfeil. Det står: «Diger» stikkemaskin, men det skal være: «Digger 50» stikkemaskin.

O. Lie.

---

### TIL

## TIDLIGERE PRODUSENTER AV MASKINTORV!

Det norske myrselskap har — i samråd med Direktoratet for økonomisk forsvarsberedskap og Forsyningsdirektoratet i Handelsdepartementet — reist spørsmålet om at det blir tatt vare på maskineri og utstyr vedkommende de maskintorvanlegg som for tiden ikke er i drift, eller som er nedlagt for godt. I den anledning henstiller vi til alle som er eiere av brenntorvmaskiner og viktig transportmaterieell o. l. å sende Myrselskapet en mest mulig spesifisert fortegnelse over hva de måtte ha så materiellet kan bli registrert. Hvor det dreier seg om maskiner som man ikke selv har anledning til å overhale og oppbevare på en betryggende måte, for eventuelt senere på kort varsel å kunne settes inn i torvproduksjonen, bes også prisforlangende oppgitt. Oppgavene sendes Det norske myrselskap, adr. Rosenkrantzgaten 8, Oslo.

---